

Rusomsorg Vest Nappane

Titlandsvegen 280

5912 SEIM

Nappane den 3.4.2017

Lindås Kommune

Arealforvaltning

Einingsleiar Siril T Sylta

Viser til Fells merknader frå berørte og naboer langs Titlandsvegen, til Lindås kommune, datert 29.mars 2016, vedr Rusomsorg Vest sin søknad om bruksendring og dispensasjon, og til Merknader til søknad..frå Charles Sommerseth Lillekare og Kristine Hunter Allport.

Vi har i vårt svarbrev valgt å kommentere nokre av punkta i Merknader til søknad om ..

1. «Befolkingen langs Titlandsvegen påberoper seg rett til...»
Alle naboer har rett til å koma med merknader til søknader, dispensasjoner, som krev nabovarsel. Om dette då gjeld alle langs Titlandsvegen, er noko usikkert.
2. Det vert i brevet vist til uforsvarlig drift ved Rusomsorg Vest, ma ved å peika på at svært sjuke menneske hjå oss ikkje får den oppfølginga og hjelpa dei treng. I same avsnitt vert det òg kommentert at det har vore mange ambulanse- og politiutrykkingar til Rusomsorg Vest ,Nappane. Våre bebuarar kjem inn under pasientrettigheitslova og er derfor rekna som pasientar når dei er hos oss. At det derfor kjem ambulansar til Rusomsorg Vest, Nappane, bør derfor ikkje vera underleg, snarare tvert om. Vi meiner at vi viser omsorg og tek ansvar ma ved å ta kontakt med andre hjelpeinstansar, etatar, når vi opplever at vår kompetanse ikkje strekk til, eller er usikre. Det er vankeleg for oss å forstå at tal ambulansar, politibilar eller anna er ei fordring for dykk som bur langs Titlandsvegen.
3. Det vert skrive i brevet at mange naboar er redde for utagerande og rusa personar som høyrer til hjå oss. Dersom nokon har opplevd dette, burde vi blitt kontakta straks, for slik vil vi ikkje ha det. Vi har to gonger på desse åra blitt kontakta av naboar i samband med mistanke om rus og uakseptabel åtferd. I Rusomsorg Vest, Nappane, skal våre bebuarar vera rusfrie.
Det verkar som om at underskrivarane meiner at våre bebuarar ikkje har rett til å gå langs vegen eller i ulendt terren. Vi oppmuntrar våre bebuarar til å gå turar for å styrkja kroppen og for å få frisk luft. Vi veit dessutan at fysisk aktivitet og fremjar psykisk helse. Som oftast er det arbeidrarar med, særleg ved felles turar. Vi spør oss dessutan; korleis kan naboar og bygdefolk vite om det er ein bebuar eller arbeidar dei møter langs vegen.?